

## Utdeling av Kulturlandskapsprisen 2019

Kulturlandskapsprisen går i år til Oddmund Ansok frå Liabygda i Stranda kommune.

Oddmund Ansok får prisen for sin entusiasme og genuine interesse for å ivareta kulturlandskapets mangfaldige element, og for sin årvisse gjennomføringskraft og handlingsvilje som krevst for å skjøtte og halde kulturlandskapet i god hevd.

### Juryen si grunngjeving

*Oddmund Ansok sitt langsiktige arbeid leverer på heilskapen i kulturlandskapet med grunnlag i matproduksjon, samstundes som kulturminner og det biologiske mangfaldet vert ivareteke på ein særst god måte, og innfrir soleis mange av dei kriteria som ligg til grunn for utdelinga av Kulturlandskapsprisen.*

Fylkesmann og juryleiar Rigmor Brøste gratulerer prisvinnaren og poengterer at kulturlandskapet er eit verdifullt produkt frå norsk landbruk, og speglar vår tid og tidlegare tiders jordbruk, då eit ope og levande kulturlandskap er resultatet av generasjonar med aktiv matproduksjon og landskapspleie.

«Eg vil gratulere prisvinnar Oddmund Ansok så mykje med prisen. Han er eit førebilete i måten han har skjøtta gardsdrifta på, der han har drive med matproduksjon og samstundes teke vare på kulturlandskap, kulturminne og biologisk mangfald. Særskilt har skjøtselsplanen for slåttemarka vore førebiletleg fylgd og bidreg i så måte til FNs berekraftsmål om bevaring av trua artar og økosystem».

Fylkesvaraordførar og jurymedlem Gunn Berit Gjerde seier dette om prisvinnaren:

«Oddmund Ansok si drift av garden er eit skuleeksempel og heilt etter visjonen *vern gjennom bruk*, og er ein særst verdig vinnar av Kulturlandskapsprisen i Møre og Romsdal for 2019.»

## Faglege vurderingar

### Landbruksfagleg vurdering:

På garden sin driv Oddmund Ansok med sauekjøttproduksjon. Han har 45 søyer som alle går på beite store delar av året, desse sørgjer for viktig skjøtsel av slåttemark og kulturlandskap, og bidreg til trygg matproduksjon og beredskap i Noreg.

### Miljøfagleg vurdering:

Slåtteeengane på garden Ansok er i god hevd og blir skjøtta på tradisjonelt vis ved sein slått, lite gjødsling og vår- og haustbeiting. Dette har medført at slåtteeenga er svært artsrik og har fleire sjeldsynte artar som marinøkkel og solblom, og har såleis høg naturfagleg verdi. Slåtteeeng er ein trua naturtype som står i fare for å forsvinne på grunn av opphøyr i tradisjonelle driftsmåtar. Oddmund Ansok har inngått ein fleirårig skjøtselsavtale med Fylkesmannen for å skjøtte slåtteeenga. Også variasjonen i kulturlandskapet, med frukttre, lauvtre, bakkemurar, steinrøyser og gamle styvingstre i utmarka, gjer at området har ei stor artsrikdom. Oddmund Ansok gjer ein framifrå jobb for å bevare det biologiske mangfaldet.

### Kulturfagleg vurdering:

Garden Ansok og nabogardane Grova, Klevberget og Hammaren med setrer og naust er registrert som viktige lokale kulturminner i Stranda kommune si kulturminneplan. Det er eit rikt, heilskapleg kulturlandskap med mange ulike bygningar av stor verdi. Området er eit samanhengande kulturlandskap mellom fjord, li, fjell og bygd, er mykje brukt av turfolk og har difor også stor formidlingsverdi.

## Juryen

Juryen har bestått av:

- Fylkesmann Rigmor Brøste (leiar)
- Fylkesvaraordfører Gunn Berit Gjerde
- Fylkeskonservator Bjørn Ringstad
- Landbruksdirektør Frank Madsøy

## Vurderingskriteria

Kandidatane til kulturlandskapsprisen skal mellom anna vurderast etter desse seks kriteria:

- At allmenta har tilgang til å oppleve kvalitetar i kulturlandskapet gjennom friluftsliv og rekreasjon.
- At drifta medverkar til ei positiv fokusering på dei verdiane som landbruket representerer.
- At kandidatane er med på å skape eit ope landbruk i tillegg til eit ope landskap.
- At kandidatane med utgangspunkt i kulturlandskapet og lokale tradisjonar har skapt ny næring på garden.
- At det vert teke omsyn til kulturminne, byggeskikk og miljøverdiar som til dømes biologisk mangfald i drifta.
- At drifta tek omsyn til ulike miljøutfordringar på bruket og i nærområdet.

Alle kriteria treng ikkje å vere oppfylte med ein gong, men prisvinnaren må vere ein god ambassadør for landbruket og bygde-Noreg.

### Praktiske opplysningar om prisen

Prisen består av ein sjekk på kr 10 000, eit kunstverk og ein diplom.

Prisen har vore delt ut sidan 2001, med unntak av 2018.

Prisen vil verte utdelt heime hjå vinnaren 3. september 2019.

### Vedlegg

Skjøtselsplan for Ansok slåttemark, Stranda kommune

Lenker til meir informasjon om kulturlandskapsprisen på FMNR si heimeside og oversikt over tidlegare vinnarar;

<https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Landbruk-og-mat/Miljotiltak/Kulturlandskapsprisen/kulturlandskapsprisen-2019/>

<https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Landbruk-og-mat/Miljotiltak/Kulturlandskapsprisen/Tidlegare-prisvinnarar/>